

PRESSEMELDING

TOVE OLDEREIDE BJØRK TILSETT SOM NY DAGLEG LEIAR I SNU

Styret i SNU har tilsett Tove Oldereide Bjørk som ny dagleg leiar i SNU. Bjørk er utdanna siviløkonom frå Norges Handelshøyskole og kjem frå stillinga som Prosjektkontroll koordinator hos Apply Leirvik. Tidlegare har ho arbeidd som kontorleiar ved Sjøtroll si avdeling i Brandasund, samt i Aker Maritime Hydraulics og Teknologisenteret . – Med si utdanning og industrielle erfaring, vil Tove Oldereide Bjørk vera ein viktig ressurs i næringsutviklingsarbeidet til våre eigarar, seier styreleiar Atle Tranøy.

Bjørk tek over stillinga som dagleg leiar etter Hege Økland som har vore dagleg leiar i SNU sidan 2006. Bjørk vil tiltre i SNU så snart hennar engasjement hos noverande arbeidsgjevar er avslutta. Hege Økland vil framleis vera tilsett i SNU og skal leia Arena-prosjektet Maritime CleanTech West. Arena er eit 3-årig program eigd av Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd og SIVA. Gjennom Arena-prosjektet får nettverket Maritime CleanTech West finansiell og fagleg støtte til å vidareutvikla klyngesamarbeidet innanfor miljøteknologi. Økland har også vore prosjektleiar for forstudiet og forprosjektet som leia fram til etableringa av Maritime CleanTech West og deltaking i Arena-programmet.

SNU har også tilsett Torill Berge Nøstvåg som prosjektkonsulent i eit deltidsengasjement. Nøstvåg har blant anna hatt ansvar for arrangementet *Fanari på Nattrutekaien*, og vil framover vera engasjert i ulike prosjekt i SNU. SNU nyttar også Gunvald Ottesen som senior forretningsutviklar som bistår nye og etablerte verksemder i si forretningsutvikling.

Næringsutviklingsselskapet, SNU AS, er eigd av Fitjar kommune, Stord kommune, Stord Næringsråd, Fitjar Næringsråd og Fellesforbundet avd. Sunnhordland.

Kontakt for ytterlegare informasjon: Atle Tranøy, tlf: 918 15 326

Med helsing

Hege Økland

Dagleg leiar
SNU AS
Tlf: 53 40 15 50
Mob: 95 75 36 95

www.snu.as